



Dato: 04.09.2025

Referat frå Samarbeidsutval 02.09.2025 Hognestad skule

Til stades:

Viktor Hognestad Liland, elev 7.trinn

Oda, Byberg, elev 6. trinn

Julie Sægrov Holm, elev 5. trinn

Kristian Hognestad, FAU

Ingrid Underhaug Nielsen, FAU

Kjetil Hustoft, politikar

Hanna Aase Undheim, tilsett

Ingveig Nærland Ødegård rektor

Fråvær: Kristin Sando, tilsett

Sak 1: Konstituering

Leiar: Ingveig Nærland Ødegård

Sekretær: Kristin Sando fortset som sekretær.

SU og SMU (skulemiljøutvalet) på Hognestad skule blir slått saman. Kva er SU og SMU sine oppgåver: Uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

Sak 2: Datoer for SU skuleåret 2025-2026 blir:

Tysdag 2.9 kl 19.30 – 20.30

Tysdag 25.11 kl 19.30 – 20.30

Tysdag 10.2 kl 19.30 – 20.30

Tysdag 28.4 kl 19.30 – 20.30

Sak 3: Trygt og godt skolemiljø § 12

Ingveig informerer kva opplæringslova seier og kva det betyr.

Elevane fortel om kva skulen gjer for eit trygt og godt skolemiljø: lærarane er synlege i friminutta, elever arrangerer «Bordet» og AL (aktivitetsleiarar) – dette er tilbod i friminutta som alle kan vere med på.

Ingveig informerer vidare korleis LLE (Laget rundt læraren og eleven) er organisert og at dei skal arbeide forebyggande.

Sak 4: Utviklingsplanen

Skulen fortset med engelsk og motivasjon. Både FAU og elevrådet har godkjent utviklingsplanen.

Sak 5: Trafikksikker skule

Kvart år har SU sendt inn til kommunen kva utfordringar/farar som finnest i nærmiljøet.

Fleire av vegane her er fylket sitt ansvar. Fylket vil ikkje leggje fotgjengerovergang ved Herikstadvegen, men det vil kome litt belysning innover Grødemsvegen. SU arbeider vidare med desse sakene. Det kjem forslag om å melda dette direkte til fylket. Kjetil ønsker å ta desse sakene opp i levekår.

Godkjenning av Hognestad sin trafikksikringsplan.

Sak 6: Høyringar av forslag til forskrift av permisjon

Forslag til forskrift til SFO, Forslag til forskrift om nynorsk som hovudmål. SU seier OK til alle desse.

Sak 7: Digital praksis i oppvekst

Plan sendt ut på høyring. Ingrid og Ingveig fortalte litt kva lærarane og FAU kommenterte. Frist for å senda inn innspel er i morgon. Lenke er sendt ut slik at dei som vil kan svara.

Sak 8: Anna

Det kom ingen saker under dette punktet.

Ref.

Hanna Aase Undheim